

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Førde kommune

Utval: Kontrollutval - Førde kommune
Møtedato: 13.03.2013
Møtetid: 09.00
Stad: Kantina
Møtenr.: 2/2013

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Revisor (i sak 011/13)

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemer
(Varamedlemer møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller tlf. 951 39 762.

SAKLISTE

009/13 Godkjenning innkalling og sakliste
010/13 Skriv og meldingar.
011/13 Prosjektplan – Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i»
012/13 Oppfølgingsliste 2-2013 – Førde.
013/13 Eventuelt

Førde, 06.03.2013.

Anne Lise Bekjorden(s)
(Leiar)


Vidar Øvrebo
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

009/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.03.2013	009/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

010/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.03.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.03.2013	010/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 07-13: Bystyresak 002/13 «Årsmelding frå kontrollutvalet i Førde kommune».
- SM 08-13: Bystyresak 007/13 «Referatsaker i bystyret 28.02.13»
- SM 09-13: Brev frå Førde kommune v/rådmannen til KRYSS-revisjon
«Rådmannen sitt tilsyn i forhold til misleghald, m.v», datert 11.02.2013
- SM 10-13: Rapport for året 2012 – Skatteoppkrevjaren i Førde kommune, datert
21.01.2013.
- SM 11-13: Rapport frå sakatteetaten til Bystyret – «Kontrollrapport 2012
vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Førde kommune», datert
15.02.2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 07-13



Førde kommune

Styre, råd og utval
Bystyret

Møtedato
28.02.2013

Saksnr
002/13

Sakshandsamar:
John Hjelkrem

Arkiv:
FE-026

Arkivsaknr.:
13/461

Årsmelding frå kontrollutvalet i Førde kommune

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel
05.02.2013	Sak 003/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Førde

Dok.ID
93594

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet i Førde kommune har i møte 31.01.13, sak 003/12, handsama sak om Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Førde kommune. Saka vert lagt fram for bystyret til godkjenning.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding for 2012 frå kontrollutvalet i Førde kommune vert godkjent.

Handsaming i Bystyret 28.02.2013:

Samrøystes vedtak

BY-002/13 Vedtak:

Årsmelding for 2012 frå kontrollutvalet i Førde kommune vert godkjent

Førde, den 05.02.2013

Ole John Østenstad
Rådmann

John Hjelkrem
Konsulent
Tlf. 57722045

SM 08-13



Førde kommune

Styre, råd og utval
Bystyret

Møtedato
28.02.2013

Saksnr
007/13

Sakshandsamar.:

Arkiv:

Arkivsaknr

Referatsaker i bystyre 28.02.13

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaka	Tittel
1	12/11779	I	25.09.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Endeleg rapport frå tilsyn med tvungen helsehjelp etter lov om pasient- og brukarrettar kapittel 4A
2	13/1692	I	28.01.2013	Stiftinga Førde Terapibasseng	Førde Terapibasseng - Tilskot til drift
3	13/1787	I	31.01.2013	SEKOM	Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengighet
4	12/15665	U	13.12.2012	Styringsgruppa	Førde Rådhus, referat frå styringsgruppemøte 28.11.12
5	13/1361	U	29.01.2013	Styringsgruppa	Førde Rådhus, referat frå styringsgruppemøte 08.01.13
6	13/2575	U	19.02.2013	Styringsgruppa	Førde Rådhus, referat frå styringsgruppemøte 12.02.13
7	12/11592	U	27.09.2012	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Tilsyn med brannvesenet sitt førebyggjande arbeid
8	13/586	I	08.01.2013	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Tilfredstillende tilbakemelding på tilsynsrapport
9	13/1521	I	29.01.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Tilsyn med kommunal beredskapsplikt
10	13/2612	I	15.02.2013	Skatteetaten	Kontrollrapport 2012 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjon for Førde kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:


Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Bystyret 28.02.2013:

Samrøystes vedtak

BY-007/13 Vedtak:

Meldingane vart tekne til etterretning slik dei ligg føre.



Førde kommune
Rådmannen

Dato: 13.2.2013

Sak nr.

Arkiv: 216

Ansatt: Ole John Østenstad

Tlf. 57722002

Gnr:

Reg.nr:

Kryss-revisjon
Hafstadvegen 21
6800 FØRDE

Dykkar referanse:
\misleghaldtilsyn 13/ks13
04.01.2013

Sakshandsamar:
Ole John Østenstad
Tlf. 57722002

Vår referanse:
13/173-2-OJØ-216

Dato:
11.02.2013

Rådmannen sitt tilsyn i forhold til misleghald, m.v:

Eg viser til brev datert 04.01.2013 der de ber om skriftleg uttale frå rådmannen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, om prosessar for å identifisere og handtere risiko, om korleis rådmannen kommuniserer i høve tilsette og bystyre vedrørende slike prosessar, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtferd.

1. *Rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sin rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald.*

Rådmannen vurderer risikoen for at kommunen sin rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon grunna misleghald som liten. Vi har lagt opp til rutinar for innkjøp og tilvising som skal sikre at slikt ikkje skjer. Dette vert følgt opp med stikkprøvar, og vi har stramma inn tilvisingsrutinane. Hovudregelen er at det er to uavhengige som attesterer og tilviser fakturaer. I dei minste einingane er dette vanskeleg å få til – desse vert derfor kontrollert ekstra. Også tilgangskontrollane i økonomisystemet er gjennomgått og forbetra.

2. *Kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i Førde kommune – inkludert eventuell betydelig risiko for misleghald som er identifisert eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytt til rekneskapen, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald.*

Rutinane for tilvising skal sikre at ikkje same person gjer avtaler, kjøper inn, attesterer og tilviser. I dei minste einingane er det ei utfordring å få til eit fullgodt system der alle fakturaene blir attestert og tilvist av to uavhengige personar. Etter at vi tok i bruk scanning av fakturaer er det lettare for rådmann eller andre å ta stikkprøver i rekneskapet for å vurdere om faktura er ført rett og at det som er kjøpt er til kommunen sin bruk. Det er sendt melding til einingsleiarane der det vert presisert at tilvising til seg sjølv, slektningar o.l. skal gjerast av næraste overordna. I det justerte administrative delegeringsreglementet er det no teke inn at fullmakt til å inngå kontrakter for einingsleiarar er avgrensa til kontrakter med ein avtalesum under kr 250.000. Rådmannen/kommunalsjef skal orienterast om innkjøp som er større enn 100.000 kr.

Rådmannen vil også trekke fram «fadderordninga» vi har etablert der einingsleiarane

får hjelp og støtte av tilsette ved rekneskapseininga m.o.t. budsjettoppfølging. Vi innfører også forsystem som gjer at lønstransaksjonane i større grad vert overført maskinelt frå andre data-system.

Høg etisk standard skal ligge til grunn for alt arbeid i Førde kommune. Dette inngår som mål i handlingsplanen for 2013-2016. Etikreglementet vart utarbeidd i 2009 og er implementert i organisasjonen på ein god måte. Einingane skal rapportere om fokuset på etikk i årsrapporten.

Nytt HMS-system vart utarbeidd i 2009. I dette ligg også nye rutinar for varsling om kritikkverdige tilhøve, internrevisjon og avvikshandtering.

Kommunal- og regionaldepartementet gav i desember 2009 ut 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane. Førde kommune har i 2013 følgd opp desse tilrådingane og har sett fokus på etablering av risikostyring og eit heilheitleg internkontrollsystem. Leiargruppa og to av stabsleiarane har i 2012 vore deltakarar i eit effektiviseringsnettverk («Rådmannens internkontroll») i regi av Kommunaldepartementet og KS om internkontroll. Det vert lagt fram ei eiga sak til Bystyret om dette i mars-møtet.

3. *Kva evt. kommunikasjon har rådmannen med Førde bystyre vedkommande slike prosessar?*

Bystyret vedtok 17.06.2010 økonomireglement og finansreglement for Førde kommune. Formålet med reglementa er mellom anna å sikre effektiv og forsvarleg økonomi- og finansforvaltning.

I samband med kommunevalet vart det gjennomført to dagar med folkevaltopplæring der etikk og økonomiforvaltninga i kommunen.

Referat frå dei administrative møta der byggeprosjekta til Førde kommune vert gjennomgått, blir sendt Formannskapet.

Også i 2012 har planlegging og bygging av nytt rådhus sett fokus på økonomi og forvaltning av likviditet, fond og låneportefølgje. Referat frå møta i styringsgruppa vert sendt Bystyret som referatsak.

Bystyret får også to gongar i året ein økonomisk tertialrapport.

28. februar 2013 skal Bystyret handsame Førde kommune sitt delegeringsreglement.

4. *Kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med tilsette vedkommande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtfærd?*

Opplæringsplanen for Førde kommune fokuserar både på forvaltningspraksis og etiske refleksjonar på ulike nivå i organisasjonen. I introduksjonskurs for tilsette og for leiarar er etikk vektlagt. Einingane skal og rapportere om etisk fokus i årsrapporten. Annankvart år gjennomfører Førde kommune medarbeidarkartlegging der etikk også er ei sentral spørsmålsstilling.

Får rådmann kjennskap til ting som kan tyde på misleghald eller forsøk på misleghald vert dette teke opp med den det gjeld.

5. *Om rådmann har kjennskap til eventuelle faktisk, mistenkte eller påstått misleghald i kommunen.*

Rådmann er ikkje kjent med at det faktisk føreligg misleghald i Førde kommune.

6. *Om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldast misleghald som kan knytast til relasjonar til nærstående partar og transaksjonar med desse.*

Rådmannen har ikkje kjennskap til at dette er tilfelle. Men med den komplekse tenesteproduksjonen ein kommune har, kan eg ikkje sjå bort frå at det kan bli nære relasjonar mellom leverandørar og dei i kommunen som står for innkjøp. Reglane om offentleg innkjøp, dei etiske retningslinene i Førde kommune og endringa i det administrative delegeringsreglementet (sjå ovanfor), er alle verktøy for å redusere denne risikoen.

Eg kjenner heller ikkje til at dette er eit problem i høve politisk handsaming. Etiske spørsmål knytt til det politiske systemet er fast tema i rådmannen sitt årlege møte med medlemmar frå formannskapet, og har seinast 24. januar vore tema på siste dagen av folkevaltopplæringa til Bystyret.

7. *Kva er identiteten til kommunen sine nærstående partar og kva eventuelle endringar som har vore gjort det siste året*
8. *Kva slags relasjonar kommunen har til desse nærstående parter, og*
9. *Korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Eg kjenner ikkje til at Førde kommune har leverandørar som har nære relasjonar i administrasjonen eller til politikarane, og der det ligg føre risiko for irregulære forhold.


I administrasjonen finns det tilsette i sentrale stillingar som også har slektsskap til personar som også sit sentralt i politiske utval. Vi er kjent med kven dette er, og opplever at dette vert handtert på ein profesjonell måte. Rådmannen godkjenner alle saker som går til politisk handsaming, og er derfor «garantisten» for at koblingane ikkje er for tette. Rådmannen har sjølv ikkje slike tette relasjonar til nokon av politikarane.

Når vi no tek sikte på å utvikle eit betre eigenkontroll-system i Førde kommune, tek vi med oss desse problemstillingane inn i det vidare arbeidet.

Med helsing


Ole John Østenstad
Rådmann

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.



Rapport for året 2012

Skatteoppkrevjaren i Førde kommune

1.	Generelt om skatteoppkrevjaren sin verksemd.....	3
1.1.	Skatteoppkrevjarkontoret	3
1.1.1	Ressursar	3
1.1.2	Organisering.....	3
1.1.3	Ressursar og kompetanse	3
1.2	Internkontroll.....	4
1.3.	Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1.	Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret 2012	4
1.3.2	Kommunen sin del av skatteinngangen i regnskapsåret:	5
1.4.	Skatteutval	5
2.	Skatteregnskapet	5
2.1.	Avlegging av skatteregnskapet	5
2.2	Margin.....	5
2.2.1	Marginoppgjøret for 2011.....	5
2.2.2	Margin for inntektsåret 2012.....	6
3.	Innkrevjing av krav	6
3.1.	Restanseutviklinga.....	6
3.1.1	Totalt restansar per 31.12.2012 for skatt og arbeidsgjavaravgift	6
3.1.2	Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar.....	7
3.1.3	Restansar eldre år.....	7
3.1.4	Kommentarar til restansar og oppfylging av restansar for eldre år.....	7
3.2.	Innkrevjinga sin effektivitet.....	8
3.2.1	Vurdering av kontorets resultat per 31.12.2012.....	8
3.2.2	Vurdering av samanhengen mellom aktivitet og resultat.....	8
3.2.3	Omtale av spesielle forhold.....	8
3.2.4	Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga.....	8
3.3.	Særmamnskompetanse.....	8
4.	Arbeidsgjevarkontroll	9
4.1	Organisering av arbeidsgjevarkontrollen	9
4.2	Planlagde og gjennomførte kontrollar	9
4.3	Tal kontroller med resultat, avdekka beløp, eigenretting og avdekking av uregistrerte arbeidstakarar:	9
4.4	Vurdering av aktiviteten på området arbeidsgjevarkontrollen i regnskapsåret	9
4.5	Samarbeid med andre kontrollaktørar	10
4.6	Kontorets eventuelle tiltak for betring av arbeidsgjevarkontrollen.....	10

1. Generelt om skatteoppkrevjaren sin verksemd

1.1. Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling

Oversikt og bruk av ressursar for kommunane Førde, Naustdal og Gaular (normalår)

	Årsverk	%-del fordelt
Tal årsverk ved SKO som berre er nytta til SKO-funksjonen i regnskapsåret	5,35	100 %
Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap	2,0	37%
Innkrevjing av skatt/arbeidsgjevaravgift	2,0	37%
Kontrollverksemd	0,85	16%
Informasjon og veileiing overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsforarar/revisorar	0,2	4%
Skatteutval	0,0	0%
Administrasjon	0,3	6%
Sum		100 %

1.1.2 Organisering

Førde kommune er vertskommune for interkommunalt samarbeid mellom Førde, Naustdal og Gaular, for det som er regulert under arbeidsområdet til skatteoppkrevjaren. Vi er 6 tilsette som arbeider på skatteoppkrevjarkontoret. Inklusiv den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen har vi i 2012 disponert 5,35 stillingsheimlar fordelt på dei tre kommunane. I den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen deltar også Jølster, med 15% stilling, slik at vi då totalt har hatt 5,5 stillingsheimlar på kontoret.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Jf. Skatteoppkrevjarinstruksen skal skatteoppkrevjaren sjå til at kontoret til ein kvar tid har tilstrekkeleg ressursar og kompetanse, slik at oppgåvene som omfattar instruksen kan utførast på en forsvarleg, hensiktsmessig og rasjonell måte.

Vi har faglig dyktige medarbeidarar på alle områder. Dei som arbeider på skatteavdelinga, har lang erfaring innafor de forskjellige områda regnskap, innkrevjing, avrekning samt arbeidsgjevarkontroll. Vi deltar på relevante kurs og samlingar som er viktig for å halde oss oppdatert i høve regelverk for det arbeidet vi utfører.

I 2012 har en person heilt eller delvis vore sjukmeldt. På grunnlag av dette har vi prioritert dei viktigaste oppgåvene som oppgavebehandling, innkrevjing og publikumskontakt. Dette har gått utover administrative oppgåver som for eksempel internkontroll, oppdatering av rutinar,

og utarbeiding av et overordna system for internkontroll. Vi har nytta litt overtidssarbeid på grunn av den situasjonen vi har vore i. Frå desember 2012 har ein person gått ned i 80% stilling på skatteoppkrevjarkontoret. Dette medfører at vi har fått redusert dei faste stillingheimlane til 5,3. For å oppnå betre resultat på arbeidsgjevarkontrollen, har ein tilsett på eininga Rekneskap/skatt, utført to arbeidsgjevarkontrollar i 2012.

1.2 Internkontroll

Jf. Skatteoppkrevjarinstruksen skal skatteoppkrevjaren syte for at kontoret har ein tilfredsstillande intern kontroll. Formålet med den interne kontrollen er at:

- oppgåveløysinga er organisert på ein forsvarleg måte, og utførast i samsvar med gjeldane lover og regler.
- resultata er tilfredsstillande i forhold til fastsette mål og resultatkrav, og at eventuelle vesentlege avvik førebyggjast, avdekkast og korrigjerast.
- ressursbruken er effektiv
- rekneskap og informasjon om resultat er påliteleg og nøyaktig
- misleghald og økonomisk kriminalitet førebyggjast og avdekkast.

Skatteoppkrevjaren skal som ein del av intern kontrollen utarbeide verksemdsplan og rutinar for kontoret si verksemd.

Det er utarbeidd nye rutinar og oversikt over arbeidsoppgåvene på skatteavdelinga i 2012. I den forbindelse har vi og endra den interne fordelinga av arbeidsoppgåvene. Endring av rutinar og arbeidsoppgåver er ein kontinuerleg prosess, og skal ti ein kvar tid vere oppdatert for å tilfredsstille krava. Rutinane beskriv korleis dei daglege oppgåvene skal utførast, og saman med oversikt over oppgåvedeling på kvar enkelt medarbeidar, sikrar denne at oppgåvene vert utført ved avvikling av ferie, samt anna fråvær.

Skatteoppkrevjaren har i 2012 fått pålegg om å utarbeide et overordna system for internkontroll. Dette arbeidet tok til i desember 2012, og er langt på veg ferdig. Det manglar framleis et system for feilrapportering. Vi har gitt oss sjølv frist til utangen av februar 2013 med å ferdigstille, og implementere internkontrollen.

1.3. Vurdering av skatteinngangen

1.3.1. Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret 2012

Årsrekneskap for Førde kommune 2012

	2012	2011	Endring
Likvider	88 991 412	87 271 394	1 720 019
Skyldig skattekreditorene	-3 911 979	-7 655 885	3 743 906
Skyldig andre	-74 734	-149 253	74 519
Innestående margin	-85 004 701	-79 466 256	-5 538 445
Udisponert resultat	2	0	1
Sum	0	0	0
Arbeidsgiveravgift	-435 218 615	-413 275 423	-21 943 192
Kildeskatt	0	0	0
Personlige skatteyttere	-960 456 746	-900 799 299	-59 657 447
Selskapsskatt	-161 693 540	-183 287 188	21 593 647
Renter	-1 022 962	-742 145	-280 817
Innfordring	22 343	58 088	-35 744

Sum		-1 558 369 519	-1 498 045 966	-60 323 553
	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	435 218 616	413 275 424	21 943 192
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	256 290 338	245 362 229	10 928 109
	Fordelt til Fylkeskommunen	60 734 194	56 109 041	4 625 153
	Fordelt til kommunen	279 589 754	263 255 499	16 334 255
	Fordelt til Staten	526 536 618	520 107 394	6 429 224
	Krav som er ufordelt	-1	-1	0
	Videresending plassering mellom kommuner	0	-63 620	63 620
Sum		1 558 369 519	1 498 045 966	60 323 553
Sum totalt		0	0	0

Regnskapet viser at skatteoppkrevjaren har kravd inn kr. **1 558 369 519,-** i 2012, mot kr. **1 498 045 966,-** i 2011. Dette gjev ein auka i skatteinnbetalinga på kr. **60 323 553,-** i 2012

1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i regnskapsåret:

Kommunen sine skatteinntekter har i 2012 auka med kr. **16 334 255,-** i forhold til 2011. Kommunen sin del av skatteinngangen for 2012 er som regnskapet viser kr. **279 589 754,-** mot kr. **263 255 499,-** i 2011. Førde kommune hadde budsjettert med kr. **269 578 000,-** i skatteinntekter i 2012. Dette syner at det i 2012 er innbetalt kr. **10 011 754,-** meir i skatt enn budsjettert.

1.4. Skatteutval

Det har ikkje vore saker til skatteutvalet i 2012.

2. Skatteregnskapet

2.1. Avlegging av skatteregnskapet

Skatteoppkrevjaren i Førde kommune bekreftar at skatteregnskapet i 2012 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er gitt 1 pålegg om rekneskapsføringa, rapporteringa i forbindelse med skatterekneskapen.

Årsrekneskapen for 2012 fylgjer som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Marginoppgjøret for 2011

Beskrivelse	Beløp
Innestående margin for inntektsår 2011, pr. 31.10.2012	15 840 243
For mye avsatt margin for inntektsår 2011	15 775 314
For lite avsatt margin for inntektsår 2011	

Kommentar om marginoppgjøret:

Førde kommune hadde kr. 15 775 314,- i overskot på inntående margin for 2011. Dette blei fordelt til skattekreditorane i oktober 2012.

Procentsats marginavsetning for 2011 var på 10%.

2.2.2 Margin for inntektsåret 2012

Marginavsetning for regnskapsåret 2012 var pr. 31.12.2012, kr. 85 004 701,-

Procentsats for marginavsetning for 2012 er som for tidlegare år, på 10%

3. Innkrevjing av krav**3.1. Restanseutviklinga****3.1.1 Totale restansar per 31.12.2012 for skatt og arbeidsgivaravgift**

		Restanse (forfalte debetkrav) 2012	Herav berostilt restanse 2012	Restanse (forfalte debetkrav) 2011	Herav berostilt restanse 2011	Endring i restanse. Reduksjon (-)	Endring i berostilte krav. Reduksjon (-)
Skatteart							
Sum restanse pr. skatteart		31 999 574	2 063 259	35 343 884	2 327 363	-3 344 310	-264 104
	Arbeidsgiveravgift inkl. avsavnsrenter	802 112	0	825 347	0	-23 235	0
	Artistskatt	0	0	0	0	0	0
	Forsinkelsesrenter	2 975 351	101 593	2 460 427	101 593	514 923	0
	Forskuddsskatt	486 401	0	202 712	0	283 689	0
	Forskuddsskatt person	9 741 591	382 313	9 542 658	452 786	198 933	-70 473
	Forskuddstrekk inkl. avsavnsrenter	868 549	0	1 107 634	0	-239 085	0
	Gebyr	0	0	0	0	0	0
	Innfordringsinntekter	524 340	24 360	504 551	27 840	19 789	-3 480
	Inntekt av summarisk fellesoppgjør	551 916	0	1 336 543	0	-784 627	0
	Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
	Restskatt inkl. avsavnsrenter, avregningsrenter og tilbakesøkingsskrav	1 434 327	0	1 304 656	0	129 671	0
	Restskatt person inkl. avsavnsrenter, avregningsrenter og tilbakesøkingsskrav	14 614 988	1 554 993	18 059 356	1 745 144	-3 444 368	-190 151
Sum restanse diverse krav		3 182	0	4 773	0	-1 591	0
	Diverse krav	3 182	0	4 773	0	-1 591	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav		32 002 756	2 063 259	35 348 657	2 327 363	-3 345 901	-264 104

3.1.2 Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Vi har i 2012 ein reduksjon i restansane på kr. 3 345 901,- I 2011 var denne reduksjonen på kr. 5 501 813,-

Den største reduksjonen har vi for restskatt person som utgjør kr. 3 444 368,- Som det går fram av tabellen, er der for nokre skatteartar ein auke i restansar. Ser ein på forsinkelsesrenter er der en auke på kr. 514 923,- Dette kan skuldast at der er innbetalt restskattar, og at då påløpte renter vert postert i rekneskapet som restanse. Påløpte renter på en restanse som ikkje er fullt innbetalt, er ikkje postert i rekneskapet, og vil såleis ikkje utgjere ein restanse.

For krav som er stilt i bero, er der ein reduksjon på kr. 264 104,- Det skyldast i hovudsak utgiftsføring av tidlegare berostilte krav som har blitt forelda. Berostilte krav inngår i den totale restanseoversikten.

Avskrivning vert brukt når det ikkje lenger er rettsleg tilgang til å gjere kravet gjeldande. Dette kan oppstå eksempelvis ved insolvent dødsbu, flytande bu, etter avslutta gjeldsordning, lemping etter skattebetalingslova, sletta aksjeselskap i foretaksregisteret og sletta NUF selskap i foretaksregisteret.

For personlege skattytarar er det avskrive kr. 536 527,-

For aksjeselskap eller andre selskap er det avskrive kr. 379 036,-

Det er ettergitt kr. 22 573,- i forbindelse med vedtak frå skattekontoret.

Det er utført avskrivning i forbindelse med nedsetjing av pensjonspoeng med kr. 272 223,-

3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2010	2 811 864	1 030 140
2009	2 070 011	815 069
2008	2 311 332	1 547 963
2007 – 19XX	14 278 328	-----

3.1.4 Kommentarer til restansar og oppfølging av restansar for eldre år.

Restansar eldre år inngår i ordinær innkrevjing, og vert sikra mot forelding.

Ein har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato tom 31.12.2012 og vurdert kva for krav som kan sikrast for å unngå å bli forelda. Der var 23 krav på til saman kr. 140 448,- som var forelda 31.12.2012. Fleire av desse krava er mot utanlandske borgarar, som har vore i arbeid i Norge en kort periode. I dei tilfella slike krav er under beløpet for bistand i utlandet, vert det søkt om summarisk avskrivning på desse krava når dei vert forelda. Krav som vart forelda 31.12.2012 vert søkt utgiftsført i 2013.

3.2. Innkrevjinga sin effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat per 31.12.2012

Resultat målt mot krav i styringsdialogen gjeldande innbetaling og innkrevjing pr. 31.12.2012

SKATTE-/AVGIFTSART	ÅR	RESULTAT	KRAV	Over/under krav
		31.12.2012	31.12.2012	(-) Under krav
Restskatt, person - Totalt innbetalt	2010	96,43 %	93,60 %	2,83 %
Restskatt - Totalt innbetalt	2010	98,64 %	98,00 %	0,64 %
Forskuddstrekk - Totalt innbetalt	2011	99,98 %	99,90 %	0,08 %
Forskuddsskatt, person - Totalt innbetalt	2011	98,72 %	98,00 %	0,72 %
Forskuddsskatt - Totalt innbetalt	2011	99,96 %	99,80 %	0,16 %
Arbeidsgiveravgift - Totalt innbetalt	2011	99,97 %	99,80 %	0,17 %
Restskatt, person - Innfordret	2010	83,70 %	61,00 %	22,70 %

I forhold til krava som skattekontoret har stilt til skatteoppkrevjarkontoret, har vi nådd desse krava med god margin.

3.2.2 Vurdering av samanhengen mellom aktivitet og resultat

Skatteoppkrevjarkontoret brukar alle tilgjengelege tiltak for og krevje inn, og å få reduksjon i restansar. Sjølv om resultatene er nådd, må vi ha et stort fokus på innkrevjinga. Vi brukar tiltak som for eksempel konkurs, tvangssal og utleggstrekk i stor utstrekning, der restansane ikkje vert betalt ved forfall.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Innvilga betalingsavtalar har blitt redusert til et minimum. Dette er truleg med på å redusere restansane ein del, då det må søkjast andre løysingar for å betale skatten. I mange av desse tilfella har skattytarane nytta låneopptak for å betale skattane, og såleis fører dette til at vi får innbetalt skatten på et tidlegare tidspunkt. Det er også nytt i 2012 at utleggstrekk og utleggsforretning med «intet til utlegg» vert registrert som betalingmerknad, og vi har merka at vi får mange henvendelse i forbindelse med dette, der det vert søkt løysingar for å betale krava.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Vi nyttar oss av DTI (debitortilpassa innkrevjing). Dette betyr at skattytarar vert rangert etter bla. tidlegare historikk, og økonomi. Innkrevjinga vert tilpassa den enkelte etter kva slags kategori ein kjem under. Dette har medført at vi har fått redusert talet på betalingsavtaler. På sikt skal dette gje betre resultat og meir tid til innkrevjing for skattytarar med dårleg økonomi, eller personar som er i kategorien vanskelegstilte.

3.3. Særnamnskompetanse

Skatteoppkrevjaren nyttar seg av særnamnskompetansen og det er forsøkt halde 87 utlegg i 2012. Dette har tilført Førde kommune kr. 138 417,- i gebyrinntekter.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Arbeidsgjevarkontrollen er ein del av et interkommunalt samarbeid mellom Førde, Naustdal, Gaular og Jølster, der Førde kommune er vertskommune. Der er tilsett ein person i 100% stilling. Førde skal inneha 55% av stillinga og dei andre kommunane 15% kvar. Kontrollaktiviteten i dei enkelte kommunane vert fordelt etter kor mange % kvar kommune betalar for. Aktiviteten i den enkelt kommune kan variere noko for kvart år, men det er et mål at dette skal jamne seg ut på sikt. I tillegg til interkommunal rekneskapskontrollør, har ein tilsett på eininga rekneskap/skatt delteke i kontrollarbeidet og utført to kontrollar i 2012

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Kravet er at vi skal kontrollere 5% av arbeidsgjevarane, og 5% av leverte LTO.

I Førde kommune er det gjennomført 22 kontrollar i 2012, mot 15 kontrollar i 2011.

Kontrollane for 2012 utgjer 3,3% av arbeidsgjevarane i kommunen. Dette er svært gode resultat i forhold til dei ressursane vi har tilgjengelege. 12 av desse kontrollane er såkalla «formalkontrollar» som har til hensikt å kontrollere bla. separering av skattetreksmidlar og AA registeret. Tre av kontrollane er deltaking i «random audit» som er et kontrollprosjekt som Skatt Vest administrerer, der det bla. er ferdig utarbeidd kontrollrutinar og rapportmal.

4.3 Tal kontroller med resultat, avdekka beløp, eigenretting og avdekking av uregistrerte arbeidstakarar:

I Førde kommune er det i 6 kontrollar avdekka inntekt på til saman kr. 3 087 854,- som ikkje er rapportert. Av dette utgjer eigenretting kr. 1 457 372,-. For arbeidsgjevaravgift er det avdekka kr. 555 553,- som ikkje er oppgitt til skattemyndigheitene. Av dette utgjer eigenretting kr. 45 460,-. Eigenretting gjeld stort sett i konkurssaker, der dagleg leiar skriv under terminoppgåver og årsoppgåve som rekneskapskontrollør utarbeidar. I dei tilfella det ikkje er snakk om eigenretting, vert der sendt rapport til Skatt Vest med forslag om endring.

4.4 Vurdering av aktiviteten på området arbeidsgjevarkontrollen i regnskapsåret

Vi har som mål å kontrollere alle konkursbu. Vi har utført fire slike kontrollar i 2012. Det er opna fleire konkursar, men på grunn av begrensa ressursar, vert desse kontrollane først utført i 2013. Dette er et viktig arbeid for å kontrollere selskapa sin aktivitet og overføringar i tida før konkurs. Det er også svært viktig sjå til at LTO for selskapet vert produsert. Dette et arbeid som kontrolløren som så oftast må utføre, for i ettertid å få godkjenning og underskrift frå dagleg leiar.

I den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen, er det utført til saman 33 kontrollar i løpet av 2012. 31 av desse kontrollane er utført av interkommunal rekneskapskontrollør. 2 av kontrollane er utført av andre tilsette på rekneskap/skatt. Det er særskilde gode resultat for 2012, og over det ein kan forvente av ein kontrollør. Litt av årsaka til at vi har oppnådd dette gode resultatet, er at vi har utført fleire formalkontrollar i 2012. Formalkontrollar medfører sjeldan endringsforslag i inntekter, men vi oppnår å besøke fleire bedrifter enn ved avdekkingskontroll, då avdekkingskontroll er langt meir tidkrevjande. Vi kan likevel oppnå en preventiv effekt ved å kontrollere fleire bedrifter. Samtidig kan vi få en oversikt over fleire bedrifter som kan være aktuelle å sjå nærare på ved et seinare høve.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

Vi har deltatt i «random audit» i 2012, som er et samarbeidsprosjekt mellom skattekontoret og skatteoppkrevjarane. Det er utført tre kontrollar i dette samarbeidet i 2012.

4.6 Kontorets eventuelle tiltak for betring av arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren fekk i 2010 pålegg frå Regional kontrollleining/Skatt Vest, om å utføre kontrollar hos 5% av leverandørane av løns- og trekkoppgåver i kommunen, samt 5% av leverte løns- og trekkoppgåver. I kontrollrapport 2012/160281 tok regional kontrollleining opp spørsmålet på nytt, der dei «finn det nødvendig å underrette kontrollutvalet i Førde om forholdet»

For 2012 har vi utnytta dei ressursane vi har hatt til disposisjon på en tilfredsstillande måte. Interkommunal rekneskapskontrollør har utført 31 kontrollar i 2012. 22 kontrollar er uført i Førde kommune.

Skatteoppkrevjaren skal jf. Skatteoppkrevjarinstruksen sjå til at kontoret til ein kvar tid har tilstrekkeleg ressursar. Viss ressursituasjonen er utilfredsstillande, og skatteoppkrevjaren ikkje sjølv kan rette opp i dette, skal forholdet takast opp med den overordna kommunale leiinga. Fører ikkje dette fram, skal saka takast opp med skattekontoret.

Det var gitt signal om at det i økonomiplanen for 2011-2014 var til hensikt å auke ressursane til arbeidsgjevarkontrollen med ei 50% stilling. Dette har ikkje skjedd. For at vi skal oppnå kravet på 5% må vi auke ressursane i Førde med ei 50% stilling, og i heile kontrollsamarbeidet med 100% stilling.

I 2012 har vi i samarbeid med fleire skatteoppkrevjarar i FØYS, prøvd å få til et utvida samarbeid i den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen, men dette har ikkje lykkast. Skal vi på annan måte greie å fylgje opp dei sentrale krava om å kontrollere 5% av arbeidsgjevarane, må vi auke den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen med 1 heil stilling. Dette er opp til den politiske leiinga i kommunen å avgjere.

Sted/dato: Førde 21.01.2013




Evert Are Havn

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2012. Signert av skatteoppkrevjaren.

Årsregnskap 2012 Førde Kommune

	Valgt år	Forrige år
Likvider	88 991 412	87 271 394
Skyldig skattekreditorene	-3 911 979	-7 655 885
Skyldig andre	-74 734	-149 253
Innestående margin	-85 004 701	-79 466 256
Udisponert resultat	2	0
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-435 218 615	-413 275 423
Kildeskatt	0	0
Personlige skatteyttere	-960 456 746	-900 799 299
Selskapsskatt	-161 693 540	-183 287 188
Renter	-1 022 962	-742 145
Innfordring	22 343	58 088
Sum	-1 558 369 519	-1 498 045 966
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	435 218 616	413 275 424
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	256 290 338	245 362 229
Fordelt til Fylkeskommunen	60 734 194	56 109 041
Fordelt til kommunen	279 589 754	263 255 499
Fordelt til Staten	526 536 618	520 107 394
Krav som er ufordelt	-1	-1
Videresending plassering mellom kommuner	0	-63 620
Sum	1 558 369 519	1 498 045 966
Sum totalt	0	0

Førde 21/01.2013


Evert Are Havn
skatteoppkrevjar

7 Vedlegg til årsregnskapet

Teksten nedenfor er også publisert på portalen i dokumentet *Forklaring til årsregnskapet*. Dette dokumentet skal skrives ut og legges ved årsregnskapet.

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

**Skatteetaten**Saksbehandlar
Kjersti Hopland Hollup

Dykkar dato

Vår dato
15.02.2013Direkte tlf
800 800 00

Dykkar referanse

Vår referanse
2012/160282

Kommunestyret i Førde kommune
Postboks 338
6802 Førde

Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Førde kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 11. januar 2012.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnskrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Njøsavegen 26863 Leikanger
skattvest@skatteetaten.noBesøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr.: 991733108Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01



2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

2.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Førde kommune viser per 31. desember 2012 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 1 558 369 521 og uteståande restansar² på kr 32 002 756, av dette krav stilla på vent kr 2 063 259. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 21. januar 2013.

2.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2012 for skatteoppkrevjarkontoret for Førde kommune. Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (%)	Resultatkrav (%)	Innbetalt av sum krav (%) førre år	Innbetalt av sum krav (%) region
Restskatt personlege skattytarar 2010	27,80	96,43	93,60	94,37	94,45
Arbeidsgjevaravgift 2011	417,17	99,97	99,80	99,94	99,85
Forskotskatt personlege skatteytarar 2011	63,08	98,72	98,00	98,95	99,22
Forskotskrekk 2011	909,17	99,98	99,90	99,96	99,95
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2011	131,20	99,76	99,80	99,95	99,89
Restskatt upersonlege skattytarar 2010	28,66	98,64	98,00	97,28	98,41

2.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Førde kommune har ansvar for kontrollsamarbeidet som omfattar kommunane Førde, Gaular, Jølster og Naustdal.

Resultatet for kommunen per 31. desember 2012 viser følgjande³ :

Tal arbeids-gjevarar	Minstekrav (5%)	Tal utførte kontrollar 2012	Utført kontroll 2012 (%)	Utført kontroll 2011 (%)	Utført kontroll 2010 (%)	Utført kontroll 2012 i region (%)
664	33	22	3,3%	2,2%	2,9%	4,3%

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav

³ Frå 2011 er rapporteringsordninga endret frå rapportering pr. kommune til interkommunal kontrollordning/kontrollsamarbeid, der det er aktuelt.



Særskilte merknader til arbeidsgiverkontrollen: Skatteoppkrever skriver i årsrapporten :

"Det var gitt signal om at det i økonomiplanen for 2011-2014 var til hensikt å auke ressursane til arbeidsgjevarkontrollen med ei 50% stilling. Dette har ikkje skjedd. For at vi skal oppnå kravet på 5% må vi auke ressursane i Førde med ei 50% stilling, og i heile kontrollsamarbeidet med 100% stilling."

2.4 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen etter skatteoppkrevjar sin resultatrapportering:

Tal årsverk 2012	Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010
5,35	5,35	5,35

3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2012 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll. Siste stadlege kontroll vart halden 20.-21. november 2012.

Skattekontoret har i 2012 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

4. Resultat av utført kontroll

- Intern kontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, har skattekontoret ikkje funne vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- Skatte- og avgiftsinnkrevjinga**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**


På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og retningslinjer, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang då det er utført 3,3 % kontrollar mot et krav på 5 %.

5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2012 gjeve pålegg og tilrådingar som skatteoppkrevjaren er gjort kjend med i brev av 28. juni 2012, 31. oktober 2012 og 18. desember 2012.

Venleg helsing


for Arnljot von Mehren
avdelingsdirektor
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektor

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Førde kommune
- Skatteoppkrevjaren for Førde kommune
- Riksrevisjonen

**011/13: PROSJEKTPLAN - FORVALTNINGSREVISJONSPROJSKT –
INNkjøpsAVTALAR OG INNkjøPSSAMARBEID SOM FØRDE KOMMUNE ER
DELAKTIG I**

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 06.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.03.2013	011/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i. (Vert ettersendt)

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK001.
- Kontrollutvalssak 004/13.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i” vert godkjend.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

PROSJEKTPLAN - FORVALTNINGSREVISJONSPROJSKT – INNKJØPSAVTALAR OG INNKJØPSSAMARBEID SOM FØRDE KOMMUNE ER DELAKTIG I

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.

Innleiing – Kva saka gjeld

KRYSS-revisjon skal legge fram prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet
”Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i”

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet 31.01.2013 sak 04/13 vart tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet
”Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i” handsama, og det
vart gjort følgjande vedtak:

- *Tinginga for prosjektet ”Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i” vert godkjent.*
- *Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering.*
- *KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.*

Tinginga vart sendt over til KRYSS-revisjon den 31.01.2013.

Av RSK001 går det fram at revisor skal lage gjennomføringsplan og gje tilbakemelding på
tingingar av forvaltningsrevisjon.

Utskrift RSK001:

11) Revisor plikter å vurdere kontrollutvalgets bestilling i forhold til gjennomførbarhet og revisors faglige uavhengighet. Dersom revisor finner det påkrevd, må revisor avklare bestillingen med kontrollutvalget, eventuelt vurdere å si fra seg forvaltningsrevisjonsprosjektet.

18) For hvert prosjekt skal det utarbeides en skriftlig prosjektplan hvor det redegjøres for prosjektets problemstilling(er), revisjonskriterier eller grunnlaget for disse, og metodebruk.

19) Prosjektplanen bør også redegjøre for milepæler i prosjektet og planlagt tids- og ressursbruk, inklusive bruk av ekstern bistand. I tillegg kan det i prosjektplanen redegjøres for bakgrunn for prosjektet, avgrensinger, formål og annen relevant informasjon.

Problemstilling(er)

20) Det skal utarbeides problemstilling(er) for den enkelte forvaltningsrevisjonen.

21) Med utgangspunkt i bestillingen fra kontrollutvalget må revisor operasjonalisere problemstillingen(e) slik at de blir tilstrekkelig konkretisert og avgrenset til å kunne besvares.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet vurderer det slik at kommunerevisjonen blir kalla inn til kontrollutvalsmøte i Førde, for å legge fram ein prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i"

012/13 OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 FØRDE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	13.03.2013	012/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2013 Førde.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 2-2013 Førde vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 06. mars 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2013 - Førde.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Førde kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.11.09		10.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 12.11.09 s/ brev til administrasjonen. -Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
040/11 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	06.12.11		19.10.11 E-post til revisor og rådmann. 06.12.11 Vedtak KU – Utset saka.
041/12 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt - Førde	06.12.12		06.12.12 Vedtak i KU – - Kontrollutvalet ynskjer å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i» - SEKOM-sekretariat får i oppgåve å utforme tinging av prosjektet til neste møte i kontrollutvalet. Sjå sak 004/13
001/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	31.01.13		31.01.13 Vedtak i KU – Innkalling og sakliste vert godkjent.
002/13 Skriv og meldingar.	31.01.13		31.01.13 Vedtak i KU – Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
003/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Førde.	31.01.13		31.01.13 Vedtak i KU – Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Førde kommune vert godkjent. 28.02.13 Vedtak i Bystyret - Årsmelding for 2012 frå kontrollutvalet i Førde kommune vert godkjent.
004/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – «Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i» - Tinging.	31.01.13		31.01.13 Vedtak i KU – Tinginga for prosjektet ”Innkjøpsavtalar og innkjøpssamarbeid som Førde kommune er delaktig i” vert godkjent. -Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. -KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga. 31.01.13 Tinging sendt til KRYSS-revisjon.
005/13 Møteplan 2013 for kontrollutvalet i Førde.	31.01.13		31.01.13 Vedtak i KU – Møteplan 2013 for kontrollutvalet i Førde vert godkjent.
006/13 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.	31.01.13		31.01.13 Vedtak i KU – Det er kontrollutvalet sitt ansvar at ansvarleg revisor kvart år dokumenterer si uavhengigheit. Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Førde kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 11. januar 2013 til vitande. Saka vert sendt til bystyret til orientering.

Oppdatert 06.03.2013

Oppdatert 06.03.2013

013/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.03.2013	013/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.